

# Trafikkplan for Undheim skule

På Undheim skule har me elevar som går og som syklar til skulen. I tillegg har me mange som kjem med skulebuss. Skuleskyssen har eit avgrensa område ved innkjørselen til skulen, der elevane kan gå av og på bussen på ein trygg måte. Elevar som tek buss frå skulen har ei bussvakt som følgjer dei på bussen og ser at alle har på setebelte.



Store delar av skulevegen på Undheim er definert som farleg skuleveg. FAU/SU og bygda er engasjert i arbeidet med å utbetre skulevegen slik at fleire av elevane kan gå/sykle til skulen.

## **Kvifor ein trafikkplan?**

Time kommune skal vera ein «Trafikksikker kommune», og har laga ein trafikksikringsplan for kommunen 2016-2025. [Sjå Trafikksikringsplan Time kommune](#)

Målsettinga i trafikksikringsarbeidet i Time kommune er:

**«Det skal ikkje skje dødsulukker eller ulukker med alvorleg personskade på vegane i Time som følgje av manglande trafikksikringstiltak. Alle som ferdast i trafikken skal til ei kvar tid føla seg trygg same kva framkomstmiddel dei brukar.»**

Trafikkplanen for Undheim skule tek utgangspunkt i denne målsettinga og i læreplanen (L-20), der trafikkopplæring er forankra i både den overordna del og i fagplanane. [Les meir her.](#)

Målsettinga vår som skule er at barna skal læra å oppføra seg ansvarsfullt i trafikken, slik at skulevegen blir trygg for alle. Å skapa medvit om trafikksikkerheit skal vere ein naturleg del av skulen si verksemd.



## **Ansvar**

Det er føresette som har hovudansvaret for å gje barna nødvendig trafikkopplæring slik at dei kan ferdast trygt i trafikken. Tiltaka som skulen set i verk, er eit supplement til dette. Skulen har ein trafikkansvarleg ved skulen som har hovudansvar for at trafikkplanen blir fulgt. Godt samarbeid mellom heim og skule er avgjerande for å lukkast i

trafikkopplæringa.

FAU har trafikksikkerheitsarbeid, som fast tema på eit av møta sine på hausten.



## Retningslinjer ved bruk av sykkel/sparkesykkel:

Det er foreldra som avgjer kva tid barna kan bruka sparkesykkel eller sykkel til skulen. FAU oppmodar elevane på Undheim skule til å gå til og frå skulen.

FAU oppfordrar foreldra til å vente med å gje lov til å sykle til/frå skulen til elevane går i 5.klasse. Denne oppfordringa gir dei på bakgrunn av råd frå

Trygg Trafikk. [Trygg trafikk](#)

Ved bruk av sparkesykkel eller sykkel til og frå skulen er det føresette sitt ansvar at personleg sikkerheitsutstyr er på plass. Skulen vil at alle elevar alltid skal bruka hjelm til og frå skulen, og på alle sykkelturnar i skulen sin regi. Skriv/mail om at elevane må ha sykkel og hjelm som er i forskrifts messig stand blir sendt til føresette i forkant av turen. For å ivareta sikkerheita til turdeltakarane har ein gjennomført ein risikoanalyse saman med elevane i forkant av turen.

### Bruk av sykkel/sparkesykkel i skulegarden.

Undheim skule har ein stor og god skulegard der vi får låne deler av uteområda til Undheim idrettslag (UIL). UIL har satt opp skaterampe som elevane kan nytte i skuletida med eigna sikkerheitsutstyr (hjelm, albue- og knebeskyttelse).

I tillegg har elevane lov å nytte sykkel på tilvist plass med dertil eigna sikkerheitsutstyr.

### Rutinar for uteskule/turar i skulen sin regi.

Før ein går eller sykklar på tur skal ein alltid foreta ein risikovurdering saman med elevane .

- I trafikkerte område skal ein passa på gåreglane. Ein skal gå samla i grupper der det skal vere ein vaksen framme og ein bak.

Ved bruk av bil:

- Samtykke i Visma Flyt.
- Vanlege sikringsreglar i bil.

Ved bruk av sykkel:

- Alle må ha hjelm og trafikksikker sykkel.
- Når ein sykklar på fortau, har ein vikeplikt for alle. Fotgjengaren har førsterett på fortau. Ved fotgjengarfelt skal ein gå av sykkelen.
- Når ein sykklar på ein gang- og sykkelveg, har ein vikeplikt for alle når ein skal inn på eller kryssa vegen.
- Når ein sykklar i sykkelfelt, har ein vikeplikt mot høgre som bilistane.
- Når ein sykklar i køyrebanen, må ein halda seg på høgre side og oppføra seg som bilist.

Ved bruk av buss.

- Alle står samla, og rettar seg etter dei beskjedar som blir gitt av dei vaksne
- Alle står i ro til bussen har stansa, og det er klart for på- eller avstiging
- Alle brukar setebelte i buss.
- Ved avstiging gir dei vaksne beskjed om korleis dette skal gå føre seg, og alle går roleg ut av bussen og bort til den avtalte oppstillingsplassen.

### **Reflekskonkurransen**

Kvar haust arrangerer FAU reflekskonkurransen med fokus på at ein må vere synlege når ein ferdast i trafikken. Denne konkurransen startar når me stiller klokka og varer i tre veker. Beste klasse og beste elev vert premiert av FAU.



### **Sykkelgården på 5.trinn**

Elevane på 5.trinn deltek kvar vår på eit fast opplegg på Sykkel – og aktivitetsgården i Sandnes. Dette tilbodet blir koordinert av Trygg Trafikk, og er gratis for skulane.

Her øver elevane på trafikkreglar og sykkelferdigheiten sin på eit trygt område. Dette er eit svært godt tilbod til elevane, som er ein viktig del av trafikkopplæringa ved skulen.

### **Undervisningsmaterieill:**

[www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)

[www.barnastrafikkklubb.no](http://www.barnastrafikkklubb.no)

[www.trafikkogskole.no](http://www.trafikkogskole.no)